



Bente Skare Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2028 - 21/18268

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
16.03.2021

## Manglar ved søknad om seksjonering gbnr 172/213

Ved gjennomgang av innsendt søknad om seksjonering ser me at det er nokre manglar som må rettast før seksjoneringa kan gjennomførast.

1. Det manglar din signatur som innsendar på side 3. ( dette kan kanskje gå igjennom hjå tinglysingen, då du også har signert som heimelshaver på denne sida.
2. Det er utebodar som skal vera tilleggsareal B. Desse er ikkje avmerka på byggteikningane med T2, eventuelt også T1. Boden til Snr 1 kan kanskje innlemmast i hovuddel til seksjon 1, sidan den ligg i tilknytning til denne. For boden til seksjon 2 som ligg i andre etasjen, må denne boden i H01 registrertast som tilleggsareal B.
3. Som ei direkte fylgje av tilleggsareal for bod, så må skjemaet også påførast B i rubrikken for tilleggsareal i pkt 4.

Eg ber om tilbakemelding på om du ynskjer skjema sendt i retur for retting, eller om du ynskjer senda inn på nytt. Dersom me skal prøva å tinglysa utan din signatur som innsendar på side 3, så kan kommunen påføra retting av søknad og teikning kva gjeld påføring av tilleggsareal B.

Me må i så fall få tilbakemelding med bekrefting på at me skal utføra slik retting på teikningar og søknadsskjema, samt få oppgitt om begge seksjonar skal ha tilleggsareal B – eller berre snr2.

Frist for tilbakemelding/ retting vert 3 veker frå i dag.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bente Skare Seim